

Søknad

Søknadsår	2016	Vår arkivsak:
Støtteordning	Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	
Prosjektnamn	Bærekraftig cruise - forskingsprosjekt	

Kort beskriving

Forskningsprosjekt med føremål å analysere føresetnadene for ein berekraftig og lønsam cruisetrafikk i Norge, inklusiv klargjere alternativ for å utvikle cruisesektoren på ein måte som integrerer og balanserer både sosiale, økonomiske og miljømessige omsyn.

Prosjektbeskriving

Prosjektet er ein felles innsats av fylkeskommunane i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Vestlandsforskning er tildelt prosjektet frå RFF etter søknad i samarbeid med NCE Tourism. Då det ikkje har latt seg gjere å skaffe privat finansiering som tilfredsstiller krav til fordeling for private prosjekt, er satsinga overtatt av dei tre fylkeskommunane og prosjektet omgjort til eit offentleg prosjekt. Dette endrar delen av offentleg støtte som kan leggjast inn i prosjektet. Satsinga er i tråd med Vestlandsrådet sitt vedtak om å styrke kunnskapsgrunnlaget for ei berekraftig cruisenæring i regionen, slik det er omtala i Felles cruisestrategi for Vestlandet.

Kontaktopplysningar

Funksjon	Namn	Adresse	Poststad	Mobil
Søkjar/prosjeakteigar ar	Hordaland fylkeskommune nærings	Agnes Mowinkelsgt 5	5020 BERGEN	91143674
Epost prosjeakteigar marta.dixon@hfk.no				
Kontaktperson	Hordaland fylkeskommune nærings	Agnes Mowinkelsgt 5	5020 BERGEN	91143674
Prosjektleiar	Hordaland fylkeskommune nærings	Agnes Mowinkelsgt 5	5020 BERGEN	91143674

Søknaden er sendt inn 16.12.2016 av Marta Rongved Dixon, marta.dixon@hfk.no

Motteke offentleg støtte tidlegare: Ja

Møre og Romsdal fylkeskommune kr 333 000

Sogn og Fjordane fylkeskommune kr 333 000

RFF 3 000 000

Spesifikasjon

Bakgrunn

Cruisenæringa har hatt ein voldsom vekst i løpet av dei siste åra, og Vestlandsregionen får ca 70% av denne trafikken. Medan trafikken representerer ei ny næring og ei positiv drakraft til auka verdiskaping for mange aktørar og destinasjonar i fjordregionen, har den sterke veksten også skapa utfordringar på mindre stader. Dette har ført til ein til tider kvass dialog mellom ulike grupper. I denne samanhengen ser ein at det manglar nøytral kunnskap om både positiv og negativ effekt av cruisetrafikken. Det er venta framleis vekst i cruisesegmentet og det er derfor naudsynt å være rusta for å kunne leggje til rette for ei berekraftig utvikling. Prosjektet skal levere kunnskap som kan nyttast til å auke verdiskapininga i regionen på sikt.

Prosjektmål

Hovedmålet med prosjektet "Berekraftig cruise – kunnskap om og optimalisering av sosiale, miljømessige og økonomiske effektar av cruiseturisme" er å analysere føresetnadene for ein berekraftig og lønsam cruisetrafikk i Norge, inklusiv klargjere alternativ for å utvikle cruisesektoren på ein måte som integrerer og balanserer både sosiale, økonomiske og miljømessige omsyn. Hovudmålet er operasjonalisert gjennom fire hovedgrupper forskingsspørsmål som også gir hovedaktivitetane i løpet av prosjektperioden:

1. Destinasjonar & distribusjon av trafikk: Kva er besøksintensiteten i cruisehamnene langs Vestlandskysten? Når, kvar og kor mange besökande i dag, og kva kan situasjonen bli i framtida gitt utbyggingsplanar og attraksjonskraft i dei ulike destinasjonane?
2. Økonomi & lokal verdiskaping: Kva er forbruksmønsteret i dag og korleis er dette fordelt i tid og for destinasjonar? Korleis er fordelinga mellom lokale, nasjonale og internasjonale interesser? Korleis er verdiskapininga fordelt mellom by og land? Kva faktorar påverkar forbruksnivået og påverkar cruiseturismen landturismen?
3. Berekraftig reiselivsutvikling: Korleis kan framtidig utvikling stimulere lokal involvering og påverknad, auka lokal verdiskaping og utvikling i lokale småsamfunn? Kva er kostnadene med miljøeffektar og kva er muleg tiltak for å redusere miljøeffektar? Kva er effekten av cruise for andre lokale og regionale reiselivsaktivitetar?
4. Framtidige behov: Kva er dei viktige drivarane i framtidig utvikling av cruisenæringa? Korleis kan sektoren bli utvikla i samarbeid med innovasjonar i tenester og produkt hjå landbasert reiseliv og med spreiing av besökande i tid og rom?

Forankring

Fylkeskommunane i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har saman utarbeida ein felles reiselivsstrategi for Vestlandet, og i 2016 har Vestlandsrådet utvida denne gjennom eit eige arbeid med ein felles cruisestrategi for Vestlandet.

Strategipunkta frå cruisestrategien skal inkluderast i dokumentet Reiselivsstrategi for Vestlandet 2013-2020. Det er brei semje om at det skal være ei prioritering å skaffe til veie meir kunnskap om korleis cruisetrafikken påverkar regionen, og kva grep som eventuelt kan gjerast for å ta ut eit betre verdiskapingspotensial og styrka berekrafta i denne næringa. Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er samde om å gå inn i forskingsprosjektet Sustainable Cruise - Understanding and Optimizing People, Planet and

Profit. Prosjektet er også støtta av næringsaktørar i dei tre fylka.

Prosjektorganisering

Hordaland fylkeskommune v/næringsseksjonen er prosjektleiar
Fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane deltek i Styringsgruppa

Prosjektleiar (forsking) er Vestlandsforskning (Stefan Gössling)

Samarbeidspartnarar

SNF/NHH (Nina M Iversen og Leif Hem)
Transportøkonomisk institutt (Petter Dybedal)
Universitetet i Stavanger (Jens Kristian Steen-Jacobsen)
Dr Larry Dwyer, Australian School of Business, The university of New South Wales
Luster kommune
Høyanger kommune
Hotellgruppa i Sogn
Nærøyfjorden verdsarvpark
Geiranger verdsarvpark
Sogn Næring

Aktivitetar

Aktivitetane i prosjektet er samla i fire arbeidspakker, som er nærmere omtala i vedlagte dokument Project description RFF.

- 1) Space-time model of cruise tourism
- 2) General equilibrium model
- 3) Demand analysis
- 4) Scenarios and management tool

Målgrupper

Destinasjonar og aktørar på Vestlandet som er påverka av cruiseturisme

Resultat

Den nye kunnskapen prosjektet leverer vil bli delt med reiselivsnæringa på Vestlandet og vil kunne nyttast til regionale utviklingsprosessar i både privat og offentleg sektor. Modellane som blir utvikla i prosjektet vil nyttast til strategiske avgjerder, og kan nyttast som plattformar for monitorering av endringar i cruiseindustrien.

Effektar

Det er forventa at modellen og verktøyet som blir utvikla vil være til reell hjelp i dialogen mellom dei ulike interessentane i destinasjonane som har cruisebesøk. Slik vil ein kunne ta avgjerder basert på kunnskap, som vil gjere Vestlandsfylka i stand til å utforme strategiar og politikk som er målretta mot ei ynskt utvikling.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

Budsjettplass

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Hordaland fylkeskommune prosjektleiing, reiser osb	50 000	50 000	20 000			120 000
SNF	300 000	450 000	150 000			900 000
TØI	350 000	350 000	150 000			850 000
Univ i Stavanger	300 000	400 000	200 000			900 000
Vestlandsforskning	770 000	520 000	360 000			1 650 000
						SUM 4 420 000

Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	SUM
Hordaland fylkeskommune	200 000	200 000	54 000			454 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	150 000	150 000	33 000			333 000
Nærøyfjorden og Geiranger Verdsarvperler	100 000	100 000	100 000			300 000
RFF	1 200 000	1 200 000	600 000			3 000 000
Sogn og Fjordane fylkeskommun	150 000	150 000	33 000			333 000
						SUM 4 420 000

Geografi

1200-Hordaland, 1400-Sogn og Fjordane

Vedlegg

Dokumentnamn	Filstørleik	Dato
--------------	-------------	------

Søknad til Hordaland fylkeskommune (HNH)

Konsortieavtale underskriven frå FoU.pdf	1 572 345	16.12.2016
Kontrakt_RFF-VEST-cruiseproj.doc	150 528	16.12.2016
prosjektplan RFF.pdf	799 777	16.12.2016